



## MØTEINNKALLING

**MØTE NR.:** 2/24  
**TID:** 04.03.2024, kl. 10  
**STED:** Surnadal brannstasjon

### SAKSLISTE :

UTV. SAKSNR.	TITTEL
09/24	VERKSEMDSBESØK PÅ BRANNSTASJONEN
10/24	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 05.02.2024
11/24	REFERAT OG ORIENTERINGAR
12/24	BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT
13/24	ÅRSMELDING FOR 2023 - KONTROLLUTVALET
13/24	OPPFØLGINGSLISTE
14/24	EVENTUELT

Eventuelle forfall meldast på tlf. 95 70 92 80 eller  
e-post: [knut.evandt@kristiansund.kommune.no](mailto:knut.evandt@kristiansund.kommune.no)  
Innkallinga går som melding til varamedlemmer som vert innkalla etter behov.

Ola Magne Nordvik  
leiar (s)

Knut Evandt  
sekretær

Kopi:  
Ordfører  
Kommunedirektør  
Økonomisjef  
Møre og Romsdal Revisjon SA



## Saksframlegg

<b>Utvallssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 09/24	Kontrollutvalet	04.03.2024

### VERKSEMDSBESØK PÅ SURNADAL BRANNSTASJON

Møtet startar med eit verksemdsbesøk på Surnadal brannstasjon.

Det blir omvising på stasjonen og orienteringar om mellom anna branntenesta og vass- og avløp.

Knut Evandt,  
Sekretær.



## Saksframlegg

<b>Utvallssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 10/24	Kontrollutvalet	04.03.2024

### **GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 05.02.2024**

#### **Innstillinga til sekretæren:**

Protokollen frå møtet 05.02.2024 blir godkjend.

#### **Saksopplysningar**

Det blir vist til tidlegare utsend protokoll.

Knut Evandt  
Sekretær



# KONTROLLUTVALET I SURNADAL KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 01/24  
Møtedato: 05.02.2024  
Tid: Kl. 10 – 13.30  
Møtestad: Surnadal kommunehus  
Sak nr: 01/24 – 08/24

Møteleiar: Ola Magne Nordvik

Møtande medlemmer: Ingrid Bergheim  
Gunda Jorid Bele  
Hans Torslett

Meldt forfall: Stine Larsen Faksnes

Frå revisjonen: Tore Kvisvik, revisor  
Ingrid Walstad Larsen, forvaltningsrevisor

Frå sekretariatet: Knut Evandt, sekretær

Frå politisk ledelse: Hugo Pedersen, ordfører

Frå administrasjonen: Gunhild Eidsli

Eidsli deltok ved behandlinga av sak 05/24 og 06/24.

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det kom ingen merknader til innkallinga. Innkallinga og saklista vart godkjend.

### TIL BEHANDLING:

#### SAKLISTE :

01/24	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 13.12.2023
02/24	REFERAT OG ORIENTERINGAR
03/24	RAPPORTERING ETTER INTERIMREVISJON
04/24	RISIKO- OG VESENTLEGHEITSVURDERING
05/24	PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2024 – 2027
06/24	PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2024 – 2027
07/24	OPPFØLGINGSLISTE
08/24	EVENTUELT

PS 01/24

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 13.12.2023**

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner protokollen frå møtet 13.12.2023.

**Kontrollutvalet si behandling:**

Sekretæren si innstilling vart einstemmig vedteken (5 voterande)

PS 02/24

**REFERAT OG ORIENTERINGAR**

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Kontrollutvalet tar sakene til orientering.

**Referatsaker:**

Tilsyn - Surnadal sjukeheim:

01/24 Tilsynsrapport – Arbeidstilsynet, 29.11.2023

02/24 Oppfølging av tilsyn – Arbeidstilsynet, 04.01.2024

Tilsyn – Heimesjukepleia:

03/24 Oppfølging av tilsyn – Arbeidstilsyn, 31.10.2023

04/24 Lukking av pålegg – Surnadal kommune, 03.10.2023

05/24 Lukking av pålegg 1 kompetanse – Surnadal kommune, 24.11.2023

Tilsyn – lønns- og arbeidsvilkår i kontraktar:

06/24 Melding om tilsyn – Arbeidstilsynet, 02.01.2024

**Orienteringssaker:**

Det var ingen orienteringar på dette møtet.

**Kontrollutvalet si behandling:**

Sekretæren si innstilling vart einstemmig vedteken (5 voterande)

PS 03/24

**RAPPORTERING ETTER INTERIMREVISJON**

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saka blir teken til orientering

**Kontrollutvalet si behandling:**

Revisor Tore Kvisvik orienterte om saka, og svarte på spørsmål frå utvalet.

Sekretæren si innstilling vart einstemmig vedteken (5 voterande).

PS 04/24

**RISIKO- OG VESENTLEGHEITSVURDERING**

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

Saka blir teken til orientering

**Kontrollutvalet si behandling:**

Forvaltningsrevisor Ingrid Walstad Larsen orienterte om saka, og svarte på spørsmål frå utvalet.

Sekretæren si innstilling vart einstemmig vedteken (5 voterande)

PS 05/24

**PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2024 – 2027**

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek Plan for forvaltningsrevisjon 2024 – 2027.
2. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å bestille revisjonsprosjekt innanfor dei budsjetttrammene som blir fastsette til kontroll og tilsyn.
3. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å gjera endringar i planen.

Følgjande område vil blir prioritert:

Forvaltningsrevisjon:

1. Personalforvaltning. Omstillingsprosessar – Særleg innan omsorgstenesta
2. Vann og avløp
3. Internkontroll og risikovurderingar

Forvaltningsrevisjon i selskap:

1. ReMidt

Eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om ReMidt bør skje i samarbeid med flest mogleg av dei andre eigarkommunane.

**Kontrollutvalet si behandling:**

Forvaltningsrevisor Ingrid Walstad Larsen og revisor Tore Kvisvik bidrog med innspel, og svarte på spørsmål.

Kontrollutvalet drøfte seg fram til eit felles forslag til vedtak.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak vart einstemmig vedteken (4 voterande)

PS 06/24

**PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2024 – 2027**

**Kontrollutvalet sitt vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek Plan for eigarskapskontroll 2024 – 2027.
2. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å bestille eigarskapskontroll innanfor dei budsjetttrammene som blir fastsette til kontroll og tilsyn.
3. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å gjera endringar i planen.

Følgjande selskap vil bli prioritert:

1. ReMidt IKS
2. Svorka Holding AS

**Kontrollutvalet si behandling:**

Forvaltningsrevisor Ingrid Walstad Larsen og revisor Tore Kvisvik bidrog med innspel, og svarte på spørsmål.

Kontrollutvalet drøfte seg fram til eit felles forslag til vedtak.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

<b>PS 07/24</b>	<b>OPPFØLGINGSLISTA</b>
-----------------	-------------------------

**Kontrollutvalet sitt vedtak: (samrøystes)**

Ny sak:

Bemanning i omsorgstenesta.

Virksomhetsbesøk til neste møte:

Teknisk etat.

Stikkord:

- Vann og avløp
- Brannstasjon
- Omvisning

<b>PS 08/24</b>	<b>EVENTUELT</b>
-----------------	------------------

Det var ingen saker under eventuelt.

Ola Magne Nordvik  
leiar

Ingrid Bergheim

Gunda Jorid Bele

Hans Torslett

Knut Evandt  
Sekretær



## Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 11/24	Kontrollutvalet	04.03.2024

### REFERAT OG ORIENTERINGAR

#### Referatsaker:

- 07/24 Oppfølging av tilsyn m/vedtak om pålegg – Arbeidstilsynet, 16.02.2024
- 08/24 Orientering om tilsyn etter folkehelselova – Statsforvalteren, 09.02.2024
- 09/24 Vedtak i kommunestyret – Generell eierskapskontroll 2023, 14.02.2024
- 10/24 Vedtak i kommunestyret – Plan for forvaltningsrevisjon, 14.02.2024
- 11/24 Vedtak i kommunestyret – Plan for eigarskapskontroll, 14.02.2024
- 12/24 Forventningsbrev 2024 – Statsforvalteren (vedlagt innkallinga på eiga fil)
- 13/24 Oppfølging av politiske vedtak – Surnadal kommune (vedlagt innkallinga på eiga fil)

#### Orienteringssaker:

Det er ingen orienteringssaker til dette møtet.

Knut Evandt  
Sekretær





SURNADAL KOMMUNE  
Bårdshaugvegen 1  
6650 SURNADAL

Orgnr 964981892

## Oppfølging av tilsyn - SURNADAL KOMMUNE org.nr. 964981892

Vi viser til tilsyn med SURNADAL KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON org.nr. 974016893 (underenhet)

I tilsynet fant vi forhold som ikke er i samsvar med regelverket. Her er en oversikt over Arbeidstilsynets reaksjoner i saken.

#	Reaksjon	Status	Frist
1	Pålegg - Offentlig oppdragsgiver - kontroll	Vedtatt	05.04.2024

### Forklaring til kolonnen «status»

Vedtatt: Betyr at vi har besluttet å gi pålegg, tvangsmulkt, stans eller overtredelsesgebyr. En ev. frist finner dere i tabellen over og lenger nede i brevet. Vedtak kan påklages.

## Vedtak om pålegg

I brev med varsel om pålegg av 24.01.2024 fikk dere frist til 14.02.2024 for å komme med kommentarer. Vi har ikke mottatt kommentarer fra dere.

Arbeidstilsynet har hjemmel i arbeidsmiljølovens § 18-6 til å gi pålegg og sette vilkår. Vi gir følgende pålegg:

### #1 Pålegg - Offentlig oppdragsgiver - kontroll

Oppdragsgiver skal gjennomføre nødvendig kontroll av om kravene til lønns- og arbeidsvilkår overholdes.

**Innen 05.04.2024** må dere sende oss:



- Surnadal kommunes rutine og beskrivelse av hvordan dere skal sikre at dere gjennomfører risikovurdering og kontroll (nødvendig kontroll) med lønns- og arbeidsvilkår i tjenestekontrakter og bygge- og anleggskontrakter
- Om Surnadal kommune, på bakgrunn av en risikovurdering, finner at dere skal gjennomføre kontroll i prosjekt/kontrakter som overstiger terskelverdi, skal vi ha dokumentasjon som viser at kontroll er gjennomført

### **Dette står i regelverket:**

Arbeidstilsynet fører tilsyn med at forskrift om lønns- og arbeidsvilkår blir overholdt.

Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår får anvendelse på tildeling av tjenestekontrakter og bygge- og anleggskontrakter som overstiger 1,3 millioner kroner ekskl. mva. for statlige myndigheter og 2,05 millioner ekskl. mva. for andre oppdragsgivere.

Oppdragsgiver skal gjennomføre nødvendig kontroll av om kravene til lønns- og arbeidsvilkår overholdes. Graden av kontroll kan tilpasses behovet i vedkommende bransje, geografiske område mv.

### **Dette har vi funnet hos dere:**

Dere opplyste under tilsynet at dere ikke har gjennomført nødvendig kontroll, og at dere ikke har systemer og rutiner som skal bidra til at dere gjennomfører nødvendig kontroll av om kravene til lønns- og arbeidsvilkår overholdes.

Vi vurderer derfor at dere må utarbeide rutiner og systemer, som sikrer en systematisk tilnærming til risikovurdering og kontroll (nødvendig kontroll) i alle nåværende og fremtidige kontrakter som faller under forskriften, for å oppnå formålet med forskriften.

Dette er brudd på forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter §§ 4 og 7.

## Dere kan klage

Dere kan klage på vedtak jf. forvaltningsloven § 28. Fristen for å klage er tre uker fra dere mottar vedtaket. Dere kan ikke reise søksmål før retten til å klage er prøvd, jf. forvaltningsloven § 27b. For nærmere informasjon om klageinstans, fremgangsmåte ved klage og retten til å se sakens dokumenter, se [www.arbeidstilsynet.no/klage](http://www.arbeidstilsynet.no/klage).

## Send dokumenter eller kommentarer via eDialog

Bruk eDialog hvis dere skal sende oss dokumentasjon eller for å svare på dette brevet. Husk å oppgi referansenummer 2024/70. Les mer om eDialog på [www.arbeidstilsynet.no/kontakt-oss/post/](http://www.arbeidstilsynet.no/kontakt-oss/post/).

## Gi informasjonen videre til verneombudet



Verneombudet skal gjøres kjent med vedtak fra Arbeidstilsynet ([arbeidsmiljøloven § 18-6 \(8\)](#)). Vi ber derfor om at du som arbeidsgiver gir en kopi av dette brevet til verneombudet. Hvis dere ikke har verneombud, skal du gi kopien til representanten for de ansatte.

## Mer informasjon?

Dere finner informasjon om gangen i et tilsyn og reaksjonene vi kan gi, på [arbeidstilsynet.no/om-oss/tilsyn/](https://arbeidstilsynet.no/om-oss/tilsyn/).

Med hilsen  
Arbeidstilsynet

Ricke Mariel Spenning-Sletten  
seksjonsleder

Anne Orheim  
seniorinspektør

*Dette brevet er elektronisk signert.*

Kopi til:  
SURNADAL KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON, Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL



Surnadal kommune  
Bårdshaugvegen 1  
6650 SURNADAL

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Aase Årsbog Dyrset, 71 25 84 59

## Orientering om tilsyn etter folkehelselova

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skal gjennomføre tilsyn etter folkehelselova i alle kommunar i fylket. Tema for tilsynet er kommunens systematiske folkehelsearbeid med å fremme god psykisk helse hos barn og unge.

**Vi gjennomfører ei digital spørjeundersøking som skal svarast på av alle kommunar i perioden 29. februar – 15. mars 2024.**

I forkant av spørjeundersøkinga, inviterer vi alle kommunane til eit felles digitalt møte for å orientere om tilsynet. For å sikre at alle kommunane har høve til å delta, sett vi opp to alternative dagar, der lik informasjon blir gjeve. Vi har sett opp desse tidspunkta

- **29. februar kl. 12.00 – 13.00**
- **5. mars kl. 13.00 – 14.00**

**Møteinnkalling blir sendt til kommunedirektøren, og vi ber om at lenke til Teams-møte blir vidaresendt til aktuelle deltakarar i kommunen. Vi ber om tilbakemelding om kva for dag som er aktuelt å delta på, samt kven frå kommunen som deltek i møtet.** Tilbakemelding på deltaking skal sendast til [aase.dyrset@statsforvalteren.no](mailto:aase.dyrset@statsforvalteren.no)

Kvar kommune kan delta med inntil fire deltakarar. Det er ønskeleg at kommunedirektøren deltek.

## Heimel for tilsynet

Statsforvaltarens heimel til å føre tilsyn med kommunens folkehelsearbeid følger av lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) § 31. Statsforvaltaren skal føre tilsyn med kommunen og fylkeskommunen si oppfyljing av plikter pålagt i eller i medhald av folkehelseloven §§ 4 til 9, 20, 21, og 27 til 30 og kommunelova § 25-1. Reglane i kommunelova kapittel 30 gjeld for denne tilsynsverksemda.



## Tema for tilsynet og føremål

Målgruppe for tilsynet er barn og unge i alderen 0-18 år, og temaet er kommunens systematiske arbeid etter folkehelselova med å fremje god psykisk helse hos denne gruppa. Tilsynet skal undersøke

- om kommunen har oversikt over barn og unge si helsetilstand og faktorar i oppvekst- og levekårsforhold som påverkar deira psykiske helse
- om kommunen nyttar kunnskapen frå oversikta i sitt planarbeid
- om dette er følgt opp med relevante tiltak

Vidare vil tilsynet undersøkje om folkehelsearbeidet er tverrfagleg, om det er forankra på tvers av sektorane i kommunen, samt om folkehelsearbeidet blir evaluert.

Mange undersøkingar viser ei auke i psykisk uhelse hos barn og unge. Tidleg innsats er viktig i eit folkehelseperspektiv for å bidra til eit berekraftig samfunn med redusert sjukdomsbyrde og for å hindre fråfall i skule og arbeidsliv. Tilsynet støtter opp under regjeringa si satsing på å fremje psykisk helse og livskvalitet i Folkehelsemeldinga (Meld. St. 15 (2022-2023)).

Føremålet med tilsynet på nasjonalt nivå er å få ei landsomfattande oversikt over kommunane sitt folkehelsearbeid etter folkehelseloven §§ 5, 6 og 7, som kan bidra til å fremje god psykisk helse hos barn og unge.

På kommunenivå er føremålet å bidra til å sette lys på at folkehelsearbeid krev langsiktig og strategisk arbeid i kommunen. Det er viktig at det blir arbeidd tverrfagleg og på tvers av sektorane, for å sikre gode levekår og god psykisk helse hos barn og unge.

## Tilsynsmetode og gjennomføring

Tilsynet er eit samarbeid mellom Statens helsetilsyn og Statsforvaltaren, og skal gjennomførast i tre fasar.

### Fase 1:

- Orienteringsbrev om tilsynet etterfølgt av Teams-møte med alle kommunar
- Landsomfattande spørjeundersøking for alle kommunar, med **svarfrist 15. mars 2024**. Det er obligatorisk for kommunane å svare på undersøkinga. Det blir gjeve nærare orientering om dette i digitalt møte
- Vi oppmodar om at tilsette frå ulike sektorar i kommunen svarar på undersøkinga
- Det skal ikkje konkluderast med om den enkelte kommune har brote reglane i folkehelselova

### Fase 2:

Vi skal gjennomføre djubdeintervju i tre utvalde kommunar i fylket.

I etterkant av spørjeundersøkinga vil vi velje ut enkelte kommunar til eit djubdeintervju. Føremålet er å få ei djupare forståing av det strategisk og langsiktige helsefremmande og førebyggjande arbeidet for god psykisk helse hos barn og unge i kommunen. Vi vil gje desse kommunane ei tilbakemelding



på korleis dei arbeider langsiktig, strategisk og planmessige for å fremje barn og unge si psykiske helse. Det vil ikkje bli konkludert med om folkehelseloven sine reglar er brote.

Dei kommunar som blir valt ut til djubdeintervju, blir kontakta av Statsforvaltaren i eige brev i etterkant av spørjeundersøkinga. **Intervjua skal vere gjennomført før 3. juni 2024.**

Barn og unge skal involverast i tilsynet ved at vi intervjuar kommunen sine ungdomsråd/ungdommens bystyre/skuleklassar, elevråd eller liknande. Føremålet er å få ungdommane si oppleving av involvering og medverking i kommune sitt folkehelsearbeid.

### Fase 3:

Oppfølging av tilsynet

- Statens helsetilsyn gir ei oppsummering av resultatet frå undersøkinga og djubdeintervjua på landsbasis
- Hausten 2024 inviterer vi til ei samling med alle kommunane i fylket for å presentere resultatet frå undersøkinga og diskuterer kommunanes arbeid for å fremje barn og unge si psykiske helse på ein langsiktig og systematisk måte

Eventuelle spørsmål om tilsynet kan rettes til Aase Årsbog Dyrset, e-post [aase.dyrset@statsforvaltaren.no](mailto:aase.dyrset@statsforvaltaren.no) eller telefon 712 58 459.

Med helsing

Karin Müller Mikaelsen (e.f.)  
fylkeslege

Aase Årsbog Dyrset  
Seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 23/00848  
Saksbehandler Gunhild Eidsli

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Kommunestyret	14.02.2024	22/24

### Generell eierskapskontroll 2023

---

**Kommunestyret har behandlet saken i møte 14.02.2024 sak 22/24**

#### Forslag

**Trond Håskjold (Høyre ) Tilleggsforslag :**

Tillegg til punkt 2 i innstillinga:

.....protokollar til selskap vi har eigarinteresser i blir.....

#### Votering

For forslaget stemte 27: Annett Ranæs (AP), Eva Jorid Svendsen (AP), Helge Røv (AP), Ingrid Bergheim (AP), Jorid Aarvåg (AP), Ken Marius Pedersen (AP), Øystein Halle (AP), Hans Torslett (Frp), Nils Petter Tonning (Frp), Arve Johansen Ervik (H), Bjørg Aa (H), Mette Helen Strand Mikkelsen (H), Odd Magne Gulla (H), Ole Joar Karlstad Brusset (H), Tor Rune Halset (H), Trond Håskjold (H), Kjell Gunnar Polden (MDG), Kjell Johan Larsen (MDG), Håvard Fiske (R), Bergsvein Brøske (Sp), Gøran Bolme (Sp), Hugo Pedersen (Sp), Jan Henrik Moen (Sp), Mona Rita Brøske Rønning (Sp), Ragnar Halle (Sp), Silje Beate Holten (Sp), Sondre Ormset (Sp)  
Dermed er innstillingen vedtatt.

For tilleggsforslaget stemte 27: Annett Ranæs (AP), Eva Jorid Svendsen (AP), Helge Røv (AP), Ingrid Bergheim (AP), Jorid Aarvåg (AP), Ken Marius Pedersen (AP), Øystein Halle (AP), Hans Torslett (Frp), Nils Petter Tonning (Frp), Arve Johansen Ervik (H), Bjørg Aa (H), Mette Helen Strand Mikkelsen (H), Odd Magne Gulla (H), Ole Joar Karlstad Brusset (H), Tor Rune Halset (H), Trond Håskjold (H), Kjell Gunnar Polden (MDG), Kjell Johan Larsen (MDG), Håvard Fiske (R), Bergsvein Brøske (Sp), Gøran Bolme (Sp), Hugo Pedersen (Sp), Jan Henrik Moen (Sp), Mona Rita Brøske Rønning (Sp), Ragnar Halle (Sp), Silje Beate Holten (Sp), Sondre Ormset (Sp)  
Dermed er tilleggsforslag vedtatt.

#### Kommunestyret sitt vedtak

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren sørge for at det for framtida er samsvar mellom Eigarskapsmelding del 1 –Eigarstrategi, Eigarskapsmelding del 2 og den praktiske gjennomføringa av eigarskapspolitikken til kommunen.

Dette inneber mellom anna:

At det ved rullering av eigarskapsmelding del 2 blir laga forslag til selskapsspesifikke eigarstrategiar for selskap kommunen har eigardelar i, slik det er beskrive i Eigarskapsmelding del 1, punkt 1.9. Dersom ein vel å ikkje gjere dette for selskap med liten samfunnsmessig og/eller økonomisk betydning, må det komme fram av Eigarskapsmelding del 1.

At det blir laga ein plan for rapportering frå eigarrepresentantane til formannskapet. (Eigarskapsmelding del 1, punkt 1.5.2 og 1.5.5)

At det blir lagt til rette for at kommunestyret kan utføra oppgåvene sine slik det beskrive i eigarmeldinga, mellom anna ved at kommunestyret utnemner representantar i alle selskapa sine. (Eigarskapsmelding del 1, punkt 1.5.1)

2. Kommunestyret ber kommunedirektøren sørge for at alle møteinnkallingar og – protokollar til selskap vi har eigarinteresser i blir innhenta og lagt ut på postlista til kommunen, og at alle møteinnkallingar til generalforsamlingar, representantskap og liknande sendast over til kontrollutvalet sitt sekretariat.
3. Kommunestyret tek rapporten frå prosjektet «Generell eigarskapskontroll 2023» og tilrådingane til revisjonen til etterretning.





## Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 24/00231  
Saksbehandler Randi Glærum

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Kommunestyret	14.02.2024	5/24

### Plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027

---

#### Kommunestyret har behandlet saken i møte 14.02.2024 sak 5/24

Innleiing v/leiar i kontrollutvalet Ola Magne Nordvik.

#### Votering

For innstillinga frå kontrollutvalet stemte 27: Annett Ranes (AP), Eva Jorid Svendsen (AP), Helge Røv (AP), Ingrid Bergheim (AP), Jorid Aarvåg (AP), Ken Marius Pedersen (AP), Øystein Halle (AP), Hans Torslett (Frp), Nils Petter Tønning (Frp), Arve Johansen Ervik (H), Bjørg Aa (H), Mette Helen Strand Mikkelsen (H), Odd Magne Gulla (H), Ole Joar Karlstad Brusset (H), Tor Rune Halset (H), Trond Håskjold (H), Kjell Gunnar Polden (MDG), Kjell Johan Larsen (MDG), Håvard Fiske (R), Bergsvein Brøske (Sp), Gøran Bolme (Sp), Hugo Pedersen (Sp), Jan Henrik Moen (Sp), Mona Rita Brøske Rønning (Sp), Ragnar Halle (Sp), Silje Beate Holten (Sp), Sondre Ormset (Sp)

Dermed er innstillingen vedtatt.

#### Kommunestyret sitt vedtak

1. Kommunestyret vedtek Plan for forvaltningsrevisjon 2024 – 2027.
2. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å bestille revisjonsprosjekt innanfor dei budsjetttrammene som blir fastsette til kontroll og tilsyn.
3. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å gjera endringar i planen.

Følgjande område vil blir prioritert:

Forvaltningsrevisjon:

1. Personalforvaltning. Omstillingsprosessar – Særleg innan omsorgstenesta
2. Vann og avløp
3. Internkontroll og risikovurderingar

Forvaltningsrevisjon i selskap:

1. ReMidt

Eit forvaltningsrevisjonsprosjekt om ReMidt bør skje i samarbeid med flest mogleg av dei andre eigarkommunane.



## Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 24/00231  
Saksbehandler Randi Glærum

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Kommunestyret	14.02.2024	6/24

### Plan for eigarskapskontroll 2024 - 2027

---

#### Kommunestyret har behandlet saken i møte 14.02.2024 sak 6/24

Innleiing v/leiar i kontrollutvalet Ola Magne Nordvik.

#### Votering

For innstillinga frå kontrollutvalet stemte 27: Annett Ranæs (AP), Eva Jorid Svendsen (AP), Helge Røv (AP), Ingrid Bergheim (AP), Jorid Aarvåg (AP), Ken Marius Pedersen (AP), Øystein Halle (AP), Hans Torslett (Frp), Nils Petter Tønning (Frp), Arve Johansen Ervik (H), Bjørg Aa (H), Mette Helen Strand Mikkelsen (H), Odd Magne Gulla (H), Ole Joar Karistad Bruset (H), Tor Rune Halset (H), Trond Håskjold (H), Kjell Gunnar Polden (MDG), Kjell Johan Larsen (MDG), Håvard Fiske (R), Bergsvein Brøske (Sp), Gøran Bolme (Sp), Hugo Pedersen (Sp), Jan Henrik Moen (Sp), Mona Rita Brøske Rønning (Sp), Ragnar Halle (Sp), Silje Beate Holten (Sp), Sondre Ormset (Sp)

Dermed er innstillingen vedtatt.

#### Kommunestyret sitt vedtak

1. Kommunestyret vedtek Plan for eigarskapskontroll 2024 – 2027.
2. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å bestille eigarskapskontroll innanfor dei budsjetttrammene som blir fastsette til kontroll og tilsyn.
3. Kommunestyret gir kontrollutvalet fullmakt til å gjera endringar i planen.

Følgjande selskap vil bli prioritert:

1. ReMidt IKS
2. Svorka Holding AS



## Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utvall	Møtedato
PS 12/24	Kontrollutvalet	04.03.2024

### BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

#### Saksopplysningar

Kommunestyret behandla Plan for forvaltningsrevisjon på møtet 14.02.2024.

Desse områda vart vedteke som aktuelle for forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon:

1. Personalforvaltning. Omstillingsprosessar – Særleg innan omsorgstenesta
2. Vann og avløp
3. Internkontroll og risikovurderingar

Forvaltningsrevisjon i selskap:

1. ReMidt

Saka vert lagt fram for kontrollutvalet for drøfting og eventuelt bestilling av prosjekt.

Knut Evandt,  
Sekretær

Vedlegg:

Risiko- og vesentlighetsvurderinga, som er grunnlaget for Plan for forvaltningsrevisjon er vedlagt innkalling for informasjon.



## Saksframlegg

<b>Utvallssaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 13/24	Kontrollutvalet	04.03.2024

### ÅRSMELDING FOR 2023 – KONTROLLUTVALET I SURNADAL KOMMUNE

#### Saksopplysningar

Utkast til årsmelding for 2023 er vedlagt.

Utkastet blir lagt fram for gjennomgang og drøfting av endringar, til dømes om det kan gjerast noko kortare.

Knut Evandt,  
sekretær



# KONTROLLUTVALET I SURNADAL KOMMUNE

## ÅRSMELDING FOR 2023

### 1. MANDAT OG OPPGÅVER

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å kontrollere verksemda til kommunen. Kontrollutvalet er hjelpeorganet til kommunestyret, og har til oppgåve å føre løypande kontroll på deira vegner.

Kontrollutvalets ansvar og oppgåver er heimla i Kommuneleva § 23 og i Forskrift om kontrollutval og revisjon. Kontrollutvalet skal sjå til at:

- a) kommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen er i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak.
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens virksomhet, og av selskaper kommunen har eierinteresser i.
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eierinteresser i selskaper, mv.
- e) vedtak som kommunestyret treffer ved behandling av revisjonsrapporter blir fulgt opp

Kontrollutvalet skal òg utarbeide planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, gi uttale om årsrekneskapan til kommunen og sjå til at revisjonsmerknader blir følgt opp. I tillegg skal revisor rapportere om arbeidet sitt til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal rapportere resultatata av arbeidet sitt til kommunestyret.

Detaljerte retningslinjer for Kontrollutvalet sitt arbeid er fastsett i «Reglement for Kontrollutvalet i Surnadal kommune».

### 2. UTVALET SI SAMANSETJING

Kontrollutvalet i Surnadal kommune 01.01 – 19.10.2023:

Leiar	Ola Magne Nordvik
Nestleiar	Sondre Ormset*
Medlem	Mali Hildrun Gravvold Settem
Medlem	Odd Arild Sande
Medlem	Ella Bolme

\* medlem av kommunestyret

Kontrollutvalet i Surnadal kommune 19.10. – 31.12.2023:

Leiar	Ola Magne Nordvik
Nestleiar	Ingrid Bergheim*
Medlem	Stine Larsen Faksnes
Medlem	Hans Torslett*
Medlem	Gunda Jorid Bele

\* medlem av kommunestyret (dei tre andre er varamedlem)

Ordfører og oppdragsansvarleg revisor møte- og talerett i utvalet sine møter. Kommunedirektøren møter etter innkalling, og har rett til å uttale seg i saker som blir rapportert til kommunestyret.

### **3. SEKRETARIATET**

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har sekretariatsbistand som tilfredsstillende behovet til utvalet. Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som blir behandla er forsvarleg greidd ut og at vedtaka til utvalet blir sette i verk.

Sekretariatet er eit samarbeid mellom Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal og Tingvoll kommunar. Etter samarbeidsavtalen, som vart inngått i 2005, er Kristiansund kommune v/kontrollutvalet arbeidsgivaren til dei tilsette.

Fram til 1. oktober 2023 var dei tilsette sekretariatsleiar Harald Svendsen og sekretær Knut Evandt (50% stilling). Svendsen gjekk då av med pensjon. Evandt vart samstundes konstituert i stillinga som sekretariatsleiar, medan 50%-stillinga vart ståande vakant.

Kontorstaden til sekretariatet er i Nordmørsterminalen, Astrups gate 9, 3. etasje.

## **4. VERKSEMDA I 2023**

### **4.1 Innledning**

Kontrollutvalet har hatt 4 møter og behandla 54 protokollerte saker i 2023.

### **4.2 Orienteringar**

I 2022 har kontrollutvalet mellom anna blitt orientert om desse sakene:

- Kommunen si eigarskapsmelding
- Eigedomshandling
- Ny organisering i kommunedirektøren si stab
- «Arkivsaka» - manglande dokument levert til IKA Møre og Romsdal
- Styremedlemmer i kommunale selskap
- Konesjonskraft 2022 og 2023
- Arbeidet med Helseplattformen
- Status for mottak og busetjing av flyktningar
- Behovet for areal til skule og barnehage
- Kontrollutvalgets oppgaver ved kontroll i selskaper
- Handtering av habilitet ved prosjektet på Kavervegen
- Feiartenesta
- ROS-analyse og overordna beredskapsplan

### **4.3 Regnskapssaker og -revisjon**

Kontrollutvalet har behandla og vurdert kommunens rekneskap og årsmelding for 2023 og har uttalt seg om desse.

Kommunen sin revisor er Møre og Romsdal Revisjon SA. Dette er eit samvirkeforetak eigd av 20 kommunar på Nordmøre, i Romsdal og på nordre Sunnmøre. Selskapet har hovudkontor

i Kristiansund og avdelingskontor i Molde, Ålesund og Surnadal. Fordi selskapet er kommunalt eid, blir revisjonsordninga i kommunen rekna som revisjon i eigenregi.

Revisjonen har halde kontrollutvalet oppdatert om arbeidet sitt gjennom året, mellom anna ved å presentere kommunikasjons- og revisjonsplanen, orientere om interimrevisjonen, og legge fram revisjonberetninga for rekneskapsåret 2022.

Emnet for forenkla etterlevingskontroll for rekneskapsåret 2022 var «Selvkost for gebyr – plan- og byggesak, oppmåling og matrikkelføring og eierseksjonering».

Her kom det fram at kommunen mangla sjølvkostkalkylar på desse områda. Revisjon skrev difor ut eit nummerert brev, slik dei skal gjere for å påpeike vesentlege manglar (kommunelova § 24-7). Det er kontrollutvalet sin oppgåve å følgje opp slike brev. Saka vart løyst ved at det vart utarbeidd sjølvkostkalkylar, og nye gebyrsatsar, som vart vedtekne av kommunestyret i desember.

Revisjonen har vore til stades på alle møta i 2023. I tillegg til dei nemnde sakene, har dei bidrege med nyttig informasjon og svart på spørsmål frå utvalet.

#### **4.4 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll**

Kontrollutvalet bestilte ein generell eigarskapskontroll i januar. Prosjektplanen for denne kontrollen vart behandla i mai, og prosjektrapporten i desember.

Rapporten inneheldt desse tilrådingane frå revisjonen:

- Vedta eierstrategi for kommunens eierskap, der mål og de ulike roller avklares.
- Sikre god saksbehandling i saker som angår eierskap.
- Sørge for at kommunestyret velger eierrepresentant i alle sine selskaper.
- Ha økt fokus på de ulike rollene i eierstyringen, og på skillet mellom eierrollen og selskapsrollen.
- Sørge for at møteinnkallinger og protokoller fra selskaper mottas og legges på kommunes postliste.

Kontrollutvalet bestilte også ein risiko- og vesentlegheitsvurdering frå revisjonen. Denne skal liggje til grunn for Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for eigarskapskontroll 2024-27. Dette er lovpålagde oppgåver for kontrollutvalet (kommunelova § 23-3 og 23-4), og vil bli behandla og følgt opp av kontrollutvalet i 2024.

#### **4.5 Andre oppgåver**

Kontrollutvalet har ikkje behandla nokon saker om mislegheit i 2023.

Det har kome nokre førespurnader frå publikum. Slike førespurnader kan heilt eller delvis danna grunnlaget for saker som blir behandla i utvalet.

Kontrollutvalet har, i motsetning til tidlegare år, ikkje vore på verksemdsbesøk i 2023.

Ei såkalla oppfølgingsliste der medlemmene kan ta opp aktuelle problemstillingar og få desse nærare klargjort på eit seinare møte, er ei fast sak i utvalet. Oppfølgingslista pr. desember 2023 er vedlagt.

## 5. AVSLUTNING

Kontrollutvalet sin overordna oppgåve er å vere med å skape tillit til kommunal forvaltning. I kor stor grad utvalet har lukkast, bør vurderast av andre. Utvalet har gjennom året påpekt overfor administrasjonen og politikarane forhold som bør verte bedra for at kommunen skal vere ein god tenesteytar og forvaltar av fellesskapet sine verdiar og lovverk.

Kontrollutvalet har på førespurnad og i nødvendig utstrekning fått orienteringar frå administrasjonen og revisjonen i saker som har vore til handsaming i møte.

Kommunedirektøren og leiinga i kommunen har vore sær s imøtekommande og lydhøyre. Dei har møtt kontrollutvalet på ein hyggeleg og open måte.

Samarbeidet med revisjonen òg vore godt. Revisjonen har vore til stades på alle møta i utvalet og har gitt gode orienteringar og svara på dei spørsmåla som utvalet har stilt.

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ein nyttig medspelar i å forbetre kommunens eksterne tenesteproduksjon og myndeutøvinga så vel som dei interne forvaltningsfunksjonar, ved å leggje opp til ei konstruktiv – ikkje nødvendigvis berre kritisk – tilnærming ut frå kva som er realistisk å oppnå. Kommunen er avhengig av tillit til desse prosessane hos brukarane, og ein aktiv og truverdig tilsyns- og kontrollfunksjon kan medverke til å byggje opp om denne tilliten.

Som kommunestyret sitt hjelpeorgan i tilsyns- og kontrollspørsmål er kontrollutvalet sitt virke avhengig av å ha legitimitet i kommunestyret, m.a. for å få gjennomslagskraft for forbettringsforslag og anbefalingar og dermed kunne medverke i arbeidet for at kommunestyrets målsettingar vert realiserte.

Utvalet har i denne perioden lagt vekt på å få mange og grundige orienteringar frå administrasjonen.

Orienteringar og verksemdsbesøk er, etter utvalet si meining, heilt sentrale verktøy i utvalet sitt kontroll og tilsynsarbeid.

Surnadal, mars 2024

Kontrollutvalet i Surnadal kommune

Ola Magne Nordvik  
leiar

Ingrid Bergheim  
nestleiar

Stine Faksnes Larsen

Hans Torslett

Gunda Jorid Bele





## Saksframlegg

<b>Utvallsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 14/24	Kontrollutvalet	04.03.2024

### OPPFØLGINGSLISTE

#### Innstillinga til sekretæren:

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

#### Saksopplysningar

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. januar 2024

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring i lista.

Knut Evandt  
Sekretær

**SAKSOPPFØLGING**

Saker som er tekne opp	Dato:	Ansvar:	Merknad:	Status:
Oppfølging av politiske vedtak	12.03.14	Adm.	– årlig orientering	14.05.2020 Tas opp på møtet 16.06.2020 16.06.2020 Orientering gitt 24.03.21 Junimøtet 16.06.21 Orientering gitt 03.12.22 Orientering gitt
Beredskap ved flaum og andre ulykkes- eller katastrofesituasjoner	03.12.19	Adm.		Orientering 12.02.2020
ROS-analyse/beredskap	12.02.20	Adm.		Orientering ønskast når plana som er under arbeid er ferdig.  Orientering gitt 13.12.2023
Sal av konsesjonskraft.	03.12.19	Adm.		Orientering om reglar og system ved anbod, innkjøpsrutinar og avtalen med Svorka ønskast på neste møte. 12.02.20 Orientering gitt på møtet
Vedlikehald av kommunale bygg.	12.02.20	Adm.	-Oppfølging av forvaltningsrevisjon.	Orientering ønskast. 16.06.21 Orientering gitt
Orientering om sjukefravær	04.05.20	Adm		Tas opp på møtet 16.06.2020 16.06.2020 Orientering gitt
Leikeplassar- rutinar og oppfølging	04.05.20	Adm	Kva er gjennomført av rutineendringar eller andre tiltak på dette området?	Tas opp på møtet 16.06.2020 16.06.2020 Orientering gitt. 13.04.21 16.06.21 Orientering ønskes på neste møte
Ansettelsesreglement og utlysninger av lederstillinger	16.06.20	Adm		16.06.2020 Orientering gitt.
Surnadal kommune si postliste Orientering om reglar og rutinar Orientering om tilsynet frå Arkivverket	08.09.20	Adm		03.11.2020 Orientering gitt
Veterinærtenesten – tildeling av heimlar Regelverk og kriterier for tildeling	08.09.20	Adm		03.11.2020 Orientering gitt 10.02.2021 Orientering gitt
Kommuneoverlegen	10.02.21	Adm	I neste møte 24.03.21	Orientering gitt 24.03.2021

- Status smitte og smittevern - Status vaksinasjon				
Barnevernstenesta	08.09.21	Adm	Orientering i neste møte bl.a. om det gjennomførte tilsynet.	28.10.2021 Orientering gitt.
Orientering om gangveien v/Øye bro	08.09.21	Adm		Orientering gitt 09.12.2021
Taksering – eigedomsskatt	28.10.21	Adm		09.12.2021 Orientering gitt
Orientering om BPA – brukarstyrt personleg assistanse	09.02.22	Adm		09.02.22 Orientering gitt
Orientering om kriseleiinga sitt arbeid under ekstremværet Gyda	09.02.22	Adm		09.02.22 Orientering gitt
Orientering om saksvolum/saksbehandling/oppfølging innen areal og naturforvaltning (byggesaker/oppmåling)	06.12.22	Adm		06.12.2022 Orientering gitt
Feiartenesta	23.05.23	Adm.		Orientering gitt 13.12.2023
ReMidt	23.05.23	Adm.	Framkommelighet/ manglende henting – evt. oppfølging fra kommunen	
Oppfølging av forenkla etterlevelseskontroll 2022.			Sjølkostkalkylar i plan- og byggesakar	Orientering gitt 13.12.2023
Habilitet ved prosjektet på Kavlvegen	09.11.23	Adm.		Orientering gitt 13.12.2023
Bemanning i omsorgstenesta	05.02.24	Adm.		Orientering ønskes

#### **Aktuelle virksomhetsbesøk:**

Svorka - Virksomhetsbesøk Gjennomført 28.10.2021  
Trollheim AS – februar 2022 Gjennomført 09.02.2022  
Innveno – Virksomhetsbesøk Gjennomført 08.09.2021  
Folldalen – demning Gjennomført 16.06.2022  
Surnadal Barne- og ungdomsskule – Gjennomført 24.10.2022  
Teknisk drift/brannstasjonen – virksomhetsbesøk 04.03.2024

#### **På møtet 21.02.2023 vart det orientert om følgjande saker:**

Kommunen si eigarskapsmelding  
Eigedomsforvaltning  
Ny organisering av kommundirektøren sin stab  
«Arkivsaka» - manglende arkivsaker levert til IKA Møre og Romsdal  
Utnevning av styremedlemmer i kommunale selskap  
Konsesjonskraft 2022 og 2023  
Helseplattformen  
Status for mottak av flyktninger  
Status for boliger til flyktninger  
Status for behovet for arealer til skole og barnehage



## Saksframlegg

<b>Utvallsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
PS 15/24	Kontrollutvalet	04.03.2024

### EVENTUELT

#### Saksopplysningar

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan detta gjerast her

Knut Evandt  
Sekretær